



Målselv - mulighetslandet



Kommunal planstrategi 2012-2015

Vedtatt KSsak 77/2012, den 20.09.2012

Innledning

Kommunal planstrategien er verken ein plan eller ein strategi, men eit verktøy for å vurdere kommunen sitt plansystem, planressursar og samla planbehov i kommunestyreperioden knytt til kommunedelplanar, temaplanar og sektorplanar. Kommunal planstrategi er viktig fordi den gir kommunen moglegheit til å revidere, systematisere og prioritere den kommunale planlegginga. Gjennom arbeidet kan relevans og politisk forankring for kommande planarbeid sikrast. Planstrategien og det underliggende datagrunnlaget er eit godt verktøy for å sikre politikarane og innbyggjarane oversikt over og kunnskap om kva som er kommunen sine utfordringar.

Lovhjemmel

§ 10-1. Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Kommunal planstrategi er hjemla i plan- og bygningslova § 10-1. Kommunen skal i løpet av det første året med nytt kommunestyret utarbeide ein kommunal planstrategi. Den skal avklare kva planoppgåver kommunen vil starte opp med eller vidareføre. Kommuneplanen er det viktigaste verktøyet for samfunnsplanlegging, gjennom vedtak av kommunal planstrategi skal det nye kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast. Kommunestyret kan fritt revidere planstrategien i valperioden dersom det er ynskjeleg.

Prosess og medverknad

Planstrategien er utarbeida politisk av det faste utvalg for plansaker. For å få eit bilde av planbehovet har det vore innhenta naudsynte opplysningar. Prosessen har vore slik:

- Varsel om oppstart til statlege og regionale myndigheiter samt nabokommunar med ønske om tilbakemelding på problemstillingar/utfordringar som bør drøftast i planstrategien 27.1.12
- Prosess- og framdriftsplan vedtatt av det faste utvalg for plansaker 25.1.12, sak 2/2012
- Informasjon på einingsleiar møte 7.4.11 og 16.2.12. 1. gong vart det fokusert på planinnsamling,
- 2. gong var fokuset på eventuelle planbehov.
- Informasjon på møte mellom arbeidsgrøper og hovudtillitsvalgte 22.2.12

- Presentasjon av nasjonale og regionale forventninger til kommunal planlegging, det faste utvalg for plansaker 24.2.12
- Presentasjon til Sjumilssteget 3.2.12
- Presentasjon av kunnskapsgrunnlaget til det faste utvalg for plansaker 14.3.12
- Prioritering av planbehov, sak 09/2012 i det faste utvalg for plansaker, 11.4.12
- Offentleggjering av forslag til kommunal planstrategi 2012-2015, det faste utvalg for plansaker, 16.5.12
- Vedtak av kommunal planstrategi 2012-2015 av kommunestyret 20.9.12

Kunnskapsgrunnlaget

For å gjere politikarane rusta til å utarbeide ein planstrategi er kunnskapsgrunnlaget utarbeida. Her har administrasjonen samanfatta relevant kunnskap og refleksjonar om framtidige utfordringar. Troms fylkeskommune utarbeider parallelt regional planstrategi som er eit meir omfattande arbeid. Dei har fått utarbeida rapportar og statistikkar som kommunane kan bygge sitt kunnskapsgrunnlag på. For å syne samanhengen mellom regional og kommunal planstrategi er oppbygginga av dokumentet likt. Fylkesmannen har skrevet eit omfattande dokument med rettleiing til kva kommunen bør tenke på. Innspelet er delt opp tematisk under hovudoverskriftene i saman med nasjonale forventingar.

Planbehov i kommunestyreperioden

Politiske prioriteringar av kommunale planar (Det faste utvalg for plansaker 11.4.12, sak 09/2012)

Plan	Revideres	2012	2013	2014	2015
<i>Kommune(del)planar etter plan- og bygningslova</i>					
Kommuneplanens arealdel	Ja	X			
Kommuneplanens samfunnsdel	Ja			X	
Stedsutvikling Bardufoss- 1. del			X		
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2016-2019	Ja				X
Klima og energiplan 2009-2014				X	
Reguleringsplan Olsborg	Nei, gammel reg.plan oppheves			X	
<i>Planar som ikkje skal utarbeidast etter plan- og bygningslova</i>					
Eigedomsplan	Nei		X		
Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse	Ja, men nytt lovverk	X			
Samferdselsplan	Delvis				

Kryss markerer forventa ferdigstilling av planane.

- Kommuneplanens arealdel opnar for fleire reguleringsplaner. Prioritering av administrative ressurser blant dei må eventuelt bli eigen politisk sak når planen er ferdig.

Presentasjon av planbehovet

Kommuneplanens samfunnsdel

Plan- og bygningslova frå 2009 understreker at kommuneplanen omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanens samfunnsdel er ei styrking av heilheitleg planlegging for å sjå samanhengen i kommunen sine tenesteområder og få ein meir samla plan for utvikling av hovudlinjene innanfor dei ulike sektorar og tenester. Kommuneplanens overordna tekstdel vart vedtatt i 2006 etter plan- og bygningslova av 1985. Planen oppfyller ikkje krava i dagens lovverk og fungerer ikkje som det styringsreiskapet planen bør vere.

Kommuneplanens arealdel

Gjeldande plan vart vedtatt i 1998. Planen er under rullering med forventa godkjenning september 2012. Det er ikkje lagt opp til revisjon av planen i løpet av planperioden. Når prosjekt Stedsutvikling Bardufoss er fullført vil eventuelle konklusjonar føre til behov for revisjon av delar av arealplanen.

Stedsutvikling Bardufoss og Bioregion Målselv

Kommunestyret gav i PS 79/2011 17.11.2011 administrasjonen klarsignal på å jobbe vidare med eit stedsutviklingsprosjekt som har som mål å skape ei felles forståing av kva endringskrefter som verkar i Målselv. Forstudiet som er gjennomført synleggjer at Målselv kommune bør reformulere eigne mål og vere tydeleg på eigne ambisjonar og handlingsmønster.

Vedtaket frå kommunestyret er:

Vedtak:

1. Kommunestyret er framlagt sluttrapport av forstudien "Stedsutvikling Bardufoss" med vedlagt fagrappport og prosjektspesifikasjon.
2. På bakgrunn av prosjektspesifikasjon ber Kommunestyret rådmannen om å utarbeide prosjektplan med økonomiske rammer for gjennomføring av henholdsvis to prosjekter;

Prosjekt 1 "Søkelys Bardufoss" og prosjekt 2 "Bioregionen Målselv og bygdenes framtid".

3. Det avsettes det med inntil kr. 40.000,- som kan benyttes til kjøp av eksterne tjenester for utarbeidelser av prosjektplaner. Midlene dekkes over kto. 7310, kommunalt næringsfond.
4. Endelige utarbeidet prosjektplaner skal godkjennes av kommunestyret med finansieringsramme.

I planprogrammet til kommuneplanens samfunnsdel må det gå klart fram korleis prosjekta skal tilpassast til kvarandre og sikre medverknad til beste for kommunen som organisasjon og samfunn utan å bruke opp tida til viktige samarbeidspartnarar.

Eigedomsplan

Målselv kommune eig mange bygg av ulike størrelsar. På grunn av dårleg økonomi er det eit stort etterslep på vedlikehaldet mange stader. Administrasjonen ser eit klart behov for ein eigedomsplan der det vert gjennomgått kor mange kvadratmeter ein treng med ein systematisk vedlikehaldsplan som ivaretar heilskapen og skaper forutsigbarheit for brukarane av dei ulike bygga.

Klima- og energiplan 2009-2014

Planen skal vurderast rullert i kvar kommunestyreperiode i følgje nasjonale forventingar.

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2012-2015

Planen må rullerast og vedtas innan desember 2015 for at frivillig lag og organisasjonar samt Målselv kommune vil kunne få spelemidlar i 2016. Gjeldande plan vart vedtatt i desember 2011 og det er vanskelig

å forutsjå enda om den treng ei større revidering eller mindre revidering. Det vil først vise seg når sakshandsaming etter kriteriane som er lagt er foretatt.

Heilhetlig risiko- og sårbarheitsanalyse

Heilhetlig risiko- og sårbarheitsanalyse skal rullerast kvar kommunestyreperiode i følge lovverket. Det er satt i gang eit internt administrativt arbeid med rulling. Sak er forventa til kommunestyret i juni 2012. Det er ikkje vere naudsynt å rullere ROS-analyse fleire gongar i inneverande kommunestyreperiode.

Samferdselsplan

Kommunestyret fatta i sak 86/2011 Formannskapetets innstilling til budsjett og økonomiplan 2012-2015 følgjande vedtak:

Forslag nr. 4 ble fremmet av Sp v/ Bengt Magne Luneng:

Kommunestyret i Målselv ber rådmannen arbeide frem en helhetlig plan for de kommunale veiene som minimum belyser følgende:

- Hvordan skal veiene vedlikeholdes?
- Hvilke veier skal brøytes?
- Hvilke veier kan privatiseres?
 - Man må se på Bo og drivepliktsaker som vil bli berørt dersom veien blir privat. Slike saker må avklares før veien foreslås privatisert.
 - Hvilke konsekvenser vil det få for event. næringsliv, fastboende, hytteeiere og friluftaktiviteter.

Enstemmig vedtatt.

Trafikksikkerhetsplanen er vedtatt av kommunestyret april 2003. Handlingsprogrammet for fysiske tiltak er sist revidert av kommunestyret juni 2009. Ein samferdselsplan vil gi eit overordna perspektiv ved å sjå på samferdsel samla.

Konklusjon

Målselv kommune står overfor fleire store planleggingsoppgåver i ein stram kommuneøkonomi. Planstrategien legg opp til eit realistisk løp ut i frå kommunen sin økonomiske situasjon noko som er viktig dersom den skal fungere som eit politisk styringsverktøy og ikkje ei politisk ønskeliste. Regionale fagmyndigheiter skal utarbeide fleire regionale/interkommunale planar i kommunestyreperioden. Målselv kommune må fortløpande vurdera eigen arbeidsinnsats i planarbeidet ut i frå kapasitet og kor relevant planen er for kommunen.

Vedlegg: Regionale prioriterte planoppgaver i perioden 2012-2015

Regionale prioriterte planoppgaver i perioden 2012-2015

Henta frå høringsutkastet til regional planstrategi for Troms 2012-2105:

Prioriterte planoppgaver i planperioden 2012-2015
Regionale planer med prosesskrav etter PBL § 8-3
Regional plan for transport
Regional plan for folkehelse (2014-2025)
Regional plan for idrett og anlegg for idrett og fysisk aktivitet (2014-2015)
Regional plan for friluftsliv, vilt og innlandsfisk (2014-2025)
Regional plan for handelsvirksomhet, service og senterstruktur i Troms
Regional plan for vind- og småkraftverk
Regional plan for landbruksplan
Regional plan for reindrift
Interkommunalt samarbeid etter PBL § 9-1
Satsing: Prosjekt Kystsoneplanlegging i kommunene
Regionale strategidokumenter/meldinger/utredninger uten prosesskrav etter PBL
Strategi for nordområdene
Strategi for internasjonal virksomhet i Troms
Strategi for næringsutvikling i Troms, herunder <ul style="list-style-type: none">• Strategi for petroleum• Strategi for reiseliv• Strategi for havbruk
Strategiplan for videregående opplæring
FOU-strategi
Nærings- og utviklingsstrategi for Nord-Troms
Melding om fag- og yrkesopplæring i Troms